


Paul Tengesdal

# Netland skule

Tegning fra Dalane Tidende 27. nov. 1995. Her skriv Solveig Svella om «Mine første skuleår»



Me låg langstrakte på golvet og kikka på kartet mens me venta på læraren.

Tegning: Siv Grethe Bøhn-Petersen



*Børge Ødegård sitter i den gamle skuletomta på Netland i 1997. Netlandsvatnet ligg i bakgrunnen, i sørvest. Børge budde i Landsdal. Den lange skulevegen gjorde at han ikke kunne bu heime. Han budde hjå Peder Andreas og Talette Netland de perioder det var undervisning om våren og hausen. Lærerne kom frå skulen på Bjerkeim. Også de budde som oftest på garden når de hadde undervisning her. Børge gjekk på skulen i åra 1918-1922 og forteller at han hadde ti forskjellige lærere i disse åra. Foto: Paul Tengesdal.*



*Skulehuset stod nede i dalen nord fra gården Netland. Her kan en fremdeles sjå grunnmuren. Skulen vart bygd før 1902 og nedlagt i 1931.*

### *Intervju med Solveig Svela 3/3-2012:*

*Solveig er 95 år gammel, har god helse og er klar som eit lys. Det var ein sann fornøyelse å få opplysninger om Netland Skule, ho kunne fortelja som om det var i går. Ho er den einaste gjenlevande fra denne skulen. Eg har skrevet ned dette:*

Solveig Svela f.1917 fortalte dette (2012): Eg hugsar godt då eg gjekk på skulen. Eg gjekk all mi tid på skulen på Netland, fra eg byrja i første klasse i 1924 og fram til eg vart ferdig i 1931. Heile tida hadde eg Hanna Mykjedal som lærer. Ho var svært gild, og var dyktig som lærer.

Hanna hadde nyss vorte tilsett som lærar. Ho hadde gått på Volda Lærerskule, og skulde nå 2 veker i småskulen på Bjerkreim, og 2 veker på Netland, annen kvar gong. Ho budde på Bjerkreim og sykla til Odlandstøet kvar dag ho skulde på Netland. Det er først 3.5 km å sykla, så gjekk ho opp Hytlandsvegen og i Smytte over til Netland, deretter ned til skulestova på Netland. Det er i alt omlag 2 km å gå til fots i ulendt terreng. Og på skulen var ho før skulen byrja kl. 9:00.

Me gjekk heimant ifrå kvar morgon når klokka var halv åtte. Me gjekk alltid i lag alle på Tjørn. Når me kom nedanfor Bakkafossen på Hytland traff me skuleborna derifrå, og så gjekk me opp Skaret (der vegen nå går) og over til Netland, alle i hop. Eg hugsar spesielt når me skulle ned «Råsabakkjen» som me kalla den, då fekk me alltid mykje stein i treskorne, der var så mykje grus nedover denne ulidande bakken.

Vel framme på Netland kunne me ta inn i ei god og varm skulestove. Det var Jørgine Efteland på Netland som passa på å fyre i ovnen, og det var ho som også vaska ut etter oss. Og mannen Severin sørge for at der alltid var tørr brenneved på skulen.

Når me kom inn i skulestova, hengte me av oss ytterklærne på knaggar på gangen, og tok på

oss hælsetne treskor som kvar hadde ståande på skulen. Og så hugsar eg at Hanna hadde ei klokke hengande om halsen. Denne tok ho av seg og la på kateteret. Det var den einaste klokka som var på skulen. Sidan har eg undra meg over at det ikkje fans noko lampe eller stearinlys på skulen. Der var riktig nok store vinduer i skulestova som vendte ned mot Netland i sør. Men likevel, me hadde ingen lys på skulen! Og me hadde heller ikkje vatn! Det rann ein bekk like ved. Den nytta me til å vaska oss når det trongs, eller så var det der me drakk vatn. Då var det å ausa opp vatnet med hendene og drikkja derifra, noko bytte med drikkevatt var ikkje på skulen.



*Skulehuset på Netland. Tegning: Paul Tengedal 2012.*


Me hadde det gildt på skulen, eg hugsar aldri noko ugreie. Me var gode kompiser, noko mobbing var det aldri snakk om – dette kjente me ikkje til. Me var få elevar, og me var gode venner. Alle var i same klasseromet – det var fra førsteklassinger til dei som gjekk i sjuande klasse. På det meste var me 12 elevar. Det var eg, Håkon, Inga og Nansy frå Tjørn, så var det Alma, Gustav, Jenny og Palmer frå Hytland. Frå Netland var det Tordis, Jessy og Toralf, og Trygve Løvbrekk som budde på Netland når han gjekk på skulen. Dei andre frå Lauperak og Dyrskog følgte båten, og gjekk til Bjerkreim på skulen. Frå Efteland var det ingen skulebarn i mi tid.

Om vinteren gjekk me også på treskor, ingen hadde ski, faktisk ingen av dei vaksne heller. Jo, forresten, Tor Tjørn hadde ski. Skulle me gå på ski, så vart det på tønnestarvar, men det var bare når det var hard snø. Ellers brukte folk i Tjørn truger, både på hester og på seg sjølv. Var det tørrsnø så gjekk me på snølodder. Hanna Mykjedal sa at me måtte ha regnklær – eg fekk meg ein svart regnfrakk. På hovudet hadde me jenter eit plagg som me knytte under haka, eller så gjekk me med strikkehuger. Gummistøvler var det ingen av oss som hadde.

Me hadde ei heimasydd vêske med fatle, som skulerandsel, som me kunne henga på ryggen. Den var fora på innsida, og i den hadde me skulebøkene, et trepenalieshus og skulematen. Det var ei patentkork-flaske med mjølk, og så hadde me med nokre brødskjever, alltid med påsmurte moste epler og tyttebærsyltetøy. I middagspausen sat me bak skulestova på ein stor stein og åt, alle i hop. Hanna var aldri med oss når me var ute. Omkring skulen vaks ingen trær, det var bare lyngmark omkring. Me leika omkring skulestova, hadde jepping, bomma og gjøyma, slo på ringen, legte butikk med penger som me hadde klypt til heima av stivt papir. Ja, me hadde det morro!

Når skulen begynte om morgonen, hadde me alltid ei religiøs song, det kunne være «Himmelske fader» eller liknande. Det var alltid religion i første time. Når me begynte ein ny skuletime, så starta den alltid med ein song. Det kunne være eit vers fra leseboka, mange songer stod der. Kvar dag hadde me religion, rekning og lesing, og nokre timar med Noregsoga og Naturheimkunnskap. Og fast lesing i Nytestamentet ein gong i veka, og Katekisma med forklaring.

Så avslutta me skuledagen med som oftast; «Med Jesus vil eg fara». Og så var det å ta på heimvegen att. Eg hugsar at dei eldste likte å springe fort heim, me små kom diltande etter. Men dei helt alltid auga med oss, kor langt me var komne, dei følte ansvar med det. Så omkring fire-tida om ettermiddagen var me igjen heime i Tjørn.



*Skulen var 7,5 meter lang og 6 meter breid.  
Tegningen viser hvordan det var innvendig slik Solveig husker det.  
Tegning: Paul Tengedal 2012.*

Solveig vart blant dei siste som gjekk på denne skulen. Skulen vart nedlagt om hausen 1931, same året ho slutta. Frå då av gjekk skulebarna som høyrte til Tjørn, Hytland, Netland og Efteland på skulen på Bjerkreim.

Intervjuet 3/3-2012  
Paul Tengedal

Fredrik Gjedrem fortalte (1997) at han husker når skulen vart nedrevet. Han var sjølv med og kjørte tømmeret fra skulestaden på Netland, på den gamle vegen fra Netland til Odland, og derifra til Odlandstøet. Der vart materialene lasta ombord på båten «Ørdsølen» og frakta til Vassbø. Det var Olai Vassbø som hadde kjøpt skulehuset og skulle sette det opp som bustadhus på Høyland på Vassbø. Dette var et bureisningsbruk og trengte heimhus på plassen.

\*

Aaland Gård, juli 2012  
Paul Tengedal